



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
49/18	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	31.08.2018
19/18	Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	11.09.2018
51/18	Kommunestyret	18.09.2018

## **Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad - sluttbehandling og godkjenning**

### **Vedlegg:**

- 1 Kulturminneplan - framlegg til sluttbehandling
- 2 Samletabell - verneverdi for kulturmiljø og enkeltobjekt - framlegg til sluttbehandling
- 3 Gudbrandsdalsmusea sin rapport: Registrering av bygningar i Nordherad 2016-17
- 4 Registreringsskjema for kvart bygningsmiljø – Sjå vedlegg på heimesida.

<https://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-byggesak-brann-og-tekniske-tenester/plan/hoyring-og-kunngjeringar/forslag-til-kulturminneplan.10886.aspx>

### **Saksframlegg:**

Vågå kommune fekk i 2016 økonomisk stønad frå Riksantikvaren (RA) til lokal registrering av kulturminner for utarbeiding av tematisk kulturminneplan. Søknaden vart forankra i Vågå formannskap 2.2.2016 sak 4/16 før det vart søkt, og dei politiske hovudutvala HOKO og HTLN vart seinare orienterte om søknaden.

RA har oppmoda kommunane til å prioritere registrering av kulturminne som ikkje blir ivaretekne gjennom lovpålagte oppgåver som ligg til sentrale og regionale instansar. Dette gjeld kulturminne frå nyare tid, som kommunen som planstyresmakt har eit særleg ansvar, for og der ein kulturminneplan kan vere et godt verktøy for å trekkje fram og prioritere kulturminne som er særleg verdifulle.

Nordherad har status som utvald kulturlandskap i jordbruket (UKL). Ein stor del av kulturlandskapsverdiane i Nordherad er knytt til dei mange verneverdige landbruksbygningane. SEFRAK-registeret gir ikkje fullverdig oversikt over bygningar med verneverdi. Som grunnlag for prioritering av tiltak i samband med Nordherad som kulturlandskapsområde, er det viktig med god oversikt over status for den verneverdige bygningsmassen. Dette er også eit viktig kunnskapsgrunnlag i kommunal forvaltning etter plan- og bygningslova. Betre dokumentasjon av verneverdiar vil også gje eigarane betre grunnlag for å kunne søkje om midlar til bevaring.

Tilskottet på kr 100.000,- som Vågå fekk frå RA er nytta til å engasjere bygningsvernfareleg kompetanse ved Gudbrandsdalsmusea til gjennomføring av registrering av bygningar og bygningsmiljø.

Framlagt forslag til kulturminneplan gjer greie for mål og grunnlag for planen og har til retningslinjer for kommunens forvaltning og saksbehandling knytt til verneverdiane. Gudbrandsdalsmusea sin rapport og registrering med verdivurdering av kvart bygningsmiljø inngår i kulturminneplanen som ein oppslagsdel.

Forslaget til kulturminneplan er bygd opp på følgjande måte:

- *Plandokumentet «Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad, - eit utvald kulturlandskap»*  
Omfattar omtale av mål, prosess, plangrunnla og omtale av registrering og verdisetting. Det er føreslege retningslinjer for kommen si saksbehandling for ivaretaking av verneverdiane.
- *Oppslagsdel* (dette er del av planen og omfattar):
  - *Ordforklaringar*  
Forklaring av sentrale ord som blir brukt i kulturminneforvaltninga
  - *Gudbrandsdalsmusea sin rapport «Registrering av bygningar i Nordherad 2016-17, del av kulturminneplan for Vågå kommune»*  
Rapporten gjev omtale av registreringsarbeidet, metodikk og gjennomføring.
  - *Skjema bygningstypar og verneverdi*  
Skjemaet gjev ein oversikt over ulike bygningstypar. Dette er eit vedlegg til Gudbrandsdalsmusea sin rapport.
  - *Registreringsskjema med verdivurdering for kvart bygningsmiljø/gardstun*  
For kvart bygningsmiljø er det gjort registrering og verdivurdering med bakgrunn i Riksantikvaren sin metodikk. Dette er vedlegg til Gudbrandsdalsmusea sin rapport.

Forslaget til kulturminneplan har vore på høyring. Kvar eigar har fått brev om planforslaget og fått høve til å gjere seg kjent med dette og registreringane, og ved dette fått høve til å kome med tilleggsopplysningar eller merknader til planmaterialet. Kulturminneplanen har også vore på høyring til aktuelle regionale styresmakter og interesseorganisasjonar. Planforslaget har vore utsendt til totalt 70 adressatar. Det har kome inn berre ei uttale til planforslaget ved høyring, og denne er frå Oppland fylkeskommune. Nokre få eigarar har teke kontakt på telefon for å få svar på spørsmål, men har ikkje kome med merknader.

### **Uttale frå Oppland fylkeskommune v. Kulturarveininga:**

*«Vi viser til kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad som er sendt på høyring.»*

#### *Bakgrunn og vurdering:*

*Det har vært gjennomført et registreringsarbeid i regi av Gudbrandsdalsmusea og Vågå kommune der formålet har vært å få en bedre oversikt over verneverdig bebyggelse i Nordherad. Det foreslås fra museet og kommunen at kulturmiljø med vernegrad 1 og 2, og eventuelle enkeltbygninger med høy verdi får status som verneverdig gjennom politisk vedtak. Videre trekkes det frem ulike bygningstyper der en bør ha ekstra fokus på bevaring og istandsetting. Det gjelder blant annet aurbustugu, kvernhus, utløer, smie, tørrstugu, heimkuffjøs, melkebu og bygninger i mur. Etter vår vurdering vil dette på sikt gi et bedre grunnlag for prioritering av tiltak og oppfølging av området, samtidig som det vil gi et bedre grunnlag for å søke midler til bevaring og styrke søknader om tilskudd for tiltak for bevaring. Kulturminnefondet vil i sin søknadsbehandling legge vekt på om kulturminnene det søkes tilskudd til er prioritert i kommunale kulturminneplaner. Bedre oversikt over verneverdige bygningsmiljø og enkeltbygg vil også være nyttig i kommunal forvaltning herunder*

plan- og byggesaksbehandling.

*Det går klart fram fra det oversendte materialet hvilke kulturmiljø som er vurdert til å ha vernegrad 1 og 2, men det er vanskelig å finne ut hvilke enkeltbygninger i tun med verneverdi 3 og 4 som er gitt høy verdi. Det bør utarbeides en samlet oversikt over hvilke tun i VG 3-4 som har enkeltbygninger med høyere verdi. Alle miljøene og enkeltbygningene som gis verneverdi bør gå fram i en prioritert liste.*

**Konklusjon:**

*Gjennom bygningsregistreringene som er gjennomført i Nordherad er kunnskapsgrunnlaget styrket, selv om det hadde vært ønskelig med et enda mer konkret og utfyllende grunnlagsmateriale fra registrerings- og vurderingsarbeidet. Vi skulle gjerne sett at nyere bygningsmiljøer fra etter 1900 hadde blitt registrert, men det kan kanskje komme på et senere tidspunkt.*

*Det er positivt at opplistede kulturmiljø med vernegrad 1 og 2, og eventuelle enkeltbygninger med høy verdi får status som verneverdig gjennom et politisk vedtak. Alle miljøene og enkeltbygningene som gis verneverdi må imidlertid inngå i prioritert liste, dette gjelder både bygningsmiljø med verneverdi 1 og 2 og enkeltbygninger med høy verneverdi i tun med verneverdi 3 og 4. De mest sjeldne bygningstypene bør istandsettes og prioriteres også fra Vågå kommune. Dette bør omtales i avsnittet om "Forvaltning og retningslinjer for saksbehandling".*

*Vi har avslutningsvis en liten redaksjonell kommentar til setningen etter første avsnitt på side 14: "UKL har også tilskott til istandsetting og sikring av bygningar og kulturminne". Denne setningen gir feilaktig inntrykk av at dette er noe helt annet enn det som er omtalt tidligere i teksten og bør strykes.»*

**Rådmannens kommentar til uttalen:**

Innkommne merknader frå Oppland fylkeskommune vart vidareformidla til Gudbrandsdalsmusea som har stått for det registreringsarbeidet og dei faglege vurderingane knytt til verdisetting. Med bakgrunn i uttalen frå fylkeskommunen har Gudbrandsdalsmusea i den samla oversikta over verneverdi for kvart bygningsmiljø og fordeling på bygningstypar også markert enkeltbygningar som har høg verneverdi (verdi 1 eller 2), men som ligg i tun med verneverdi 3 og 4.

I pkt. 3 i avsnittet "Forvaltning og retningslinjer for saksbehandling" er det teke inn følgjande tillegg: *Kommunen skal gjennom si forvaltning legge til rette for at dei mest sjeldne bygningstypene blir tekne vare på og sette i stand.*

Setning s. 14 om UKL er teke ut i samsvar med uttalen frå fylkeskommunen.

**Vurdering:**

Som planstyresmakt forvaltar kommunen viktige kulturhistoriske verdiar. God forvaltning krev kunnskap om verneverdiane. Gjennom bygningsregistreringane som er gjennomført i Nordherad, er kunnskapsgrunnlaget styrka. I den nyleg reviderte kommuneplanens arealdel er kulturlandskapet i Nordherad særskilt ivareteke gjennom eiga omsynssone med tilhøyrande retningslinjer. Vidare har kommuneplanen føresegner som legg føringar for ivaretaking av verdiar knytt til bygningsmiljø og kulturmiljø. Registreringsarbeidet og kulturmineplanen for Nordherad legg ikkje nye restriksjonar utover det som allereie går fram av kommuneplanens arealdel, men gjev eit betre kunnskapsgrunnlag om verneverdiane. Dokumentasjon av verneverdiar gjennom ein kulturminneplan vil generelt styrke søknader om økonomisk støtte til tiltak for ivaretaking av verneverdiane.

Av Gudbrandsdalsmusea sin rapport går det fram at 9 bygningsmiljø er vurdert å ha verdi 1 (svært høg/høg verneverdi) og omfattar det som er automatisk freda og vedtaksfreda eller har tilsvarande verneverdi. 10 bygningsmiljø er vurdert å ha verdi 2 (høg verneverdi), 33 bygningsmiljø er vurdert å

ha verdi 3 (middels verneverdi) og 2 bygningsmiljø er vurdert å ha verdi 4 (låg verneverdi). Nokre bygningsmiljø er ikkje vurdert i det heile pga. liten verd t.d. tapt eller fornya.

Bygningar og bygningsmiljø med verdi 1 og 2 skal registrerast i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Dei freda bygningsmiljøa i verdikategori 1 er registrerte i Askeladden. Denne databasen inneheld ikkje berre freda og verna kulturminne/kulturmiljø, men også kulturminne/kulturmiljø som kulturminnefagleg er vurdert som verneverdige. Ved vedtak av framlagt kulturminneplan sluttar kommunen seg til Gudbrandsdalsmusea sine faglege vurderingar av verneverdi og at bygningsmiljø med høg verneverdi (verdi 1 og 2) som ein følge av dette skal leggest inn i Askeladden. Det same gjeld enkeltbygningar med høg verneverdi. Det er ein føresetnad som følgjer tilskotsmidlane til lokal registrering, at registrerte kulturminne som blir vurdert å vere verneverdige skal leggest inn i Askeladden. Registreringane som er gjort i Nordherad vil også bli lagt inn i kartinnsynsløysinga Innlands-GIS, slik at kunnskapsgrunnlaget er tilgjengeleg for forvaltninga.

Før registreringsarbeidet tok til vart huseigarane orienterte om registreringane og om arbeid med kulturminneplan ved brev frå kommunen datert 4.7.2016. Gudbrandsdalsmusea gjennomførte si registrering av bygningsmiljøet i andre halvdel av 2016, og utarbeidde i etterkant sin rapport på grunnlag av dette.

Rådmannen meiner registreringsarbeidet som er gjort vil gje eit betre grunnlag for prioritering av tiltak i det aktuelle området. Registreringane vil gje eigarane eit betre grunnlag for å søkje om tilskottsmidlar til bevaring. At bygningar/bygningsmiljø er prioriterte som verneverdige i ein kommunal kulturminneplan vil styrkar søknader som går til Kulturminnefondet.

Planarbeidet og slutføring av planen i kommunen har drege ut i tid grunna utfordring med å finne tid til attståande arbeid. Rådmannen meiner planen \ er tilstrekkeleg gjennomarbeidd og tilrår at planen blir vedteken.

### **Rådmannens innstilling:**

Framlagt forslag til *Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad*, eit utvald kulturlandskap blir vedteke.

Vågå kommune tek til etterretning registerringane og verdivurderingane som er utført av Gudbrandsdalsmusea og som går fram av planmaterialet Bygningar og bygningsmiljø som er vurdert å ha høg verneverdi (verdi 1 og 2) blir lagt inn i kulturminnedatabasen Askeladden.

## **Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 31.08.2018**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Hovudutvalets framlegg:**

Framlagt forslag til *Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad*, eit utvald kulturlandskap blir vedteke.

Vågå kommune tek til etterretning registreringane og verdivurderingane som er utført av Gudbrandsdalsmusea og som går fram av planmaterialet Bygningar og bygningsmiljø som er vurdert å ha høg verneverdi (verdi 1 og 2) blir lagt inn i kulturminnedatabasen Askeladden.

### **Saksprotokoll i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 11.09.2018**

#### **Behandling:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

Framlagt forslag til *Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad, eit utvald kulturlandskap* blir vedteke.

Vågå kommune tek til etterretning registreringane og verdivurderingane som er utført av Gudbrandsdalsmusea og som går fram av planmaterialet Bygningar og bygningsmiljø som er vurdert å ha høg verneverdi (verdi 1 og 2) blir lagt inn i kulturminnedatabasen Askeladden.

### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.09.2018**

#### **Behandling:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

Framlagt forslag til *Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad, eit utvald kulturlandskap* blir vedteke.

Vågå kommune tek til etterretning registreringane og verdivurderingane som er utført av Gudbrandsdalsmusea og som går fram av planmaterialet Bygningar og bygningsmiljø som er vurdert å ha høg verneverdi (verdi 1 og 2) blir lagt inn i kulturminnedatabasen Askeladden.